
Saksnr: 2021/16606-1
Saksbehandlar Sigbjørn Rabbe
Dato: 07.04.2022

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Nye driftskontraktar elektro for Vestland fylkeskommune

Bakgrunn for saka

Drift av elektriske anlegg på veg og i tunnel på fylkesvegane er per i dag organisert gjennom 4 felles driftskontraktar med Statens vegvesen. Dette E1455 for Sogn, E1455 for Fjordane, E1260 for Hordaland vest med Bergen og E1261 for Hardanger og Voss. Per i dag er kontraktane fordelt mellom elektroentreprenørane BMO AS for Fjordane - Bergen og Mesta AS for Hardanger og Sogn.

Tre eksisterande felleskontraktar går ut i 2022. Det er E1260 Hardanger Voss går ut i januar 2022, E1260 i september 2022 og E1454 i mai 2022. E1455 for Fjordane går ut i mai 2023.

Tidsplan for utlysing

Det er planlagt å lyse ut dei fire kontraktane etter følgjande tidsplan:

- Hardanger og Voss - august 2021
- Sogn - november 2021
- Sørvest Bergen - januar 2022
- Fjordane - hausten 2022


Driftsperiode

Det vert vurdert å auke lengda på dei nye kontraktane frå dagens kontraktar som har frå 4 til 5 år + eitt års opsjon, til 5 år med moglegheit for forlenging med 3 år pluss opsjon på 1 år. Dette med bakgrunn i kompetanse, kjennskap til anlegg og geografi som er naudsynt for effektiv drift over tid.

Driftsområde elektro

Med bakgrunn i veglengder, reiseavstand og naturlege knutepunkt i driftsområda er dei geografiske områda i tidlegare Hordaland noko endra i høve til tidlegare. Tysnes, heile Samnanger og deler av Bjørnefjord kommune er no flytta frå kontrakt i Sørvest til driftsområdet for Hardanger og Voss.

Kart over driftsområda



Blå: Sørvest
Fjordane

Grøn: Hardanger-Voss

Raud: Sogn

Gul:

Omfang

Hovudomfang er dekket av følgjande oppgåver

- reinhold av trafikkobjekt og tekniske rom
- arbeidsvarsling og trafikkavvikling
- drift og vedlikehold av elektriske tunnelinstallasjonar
- drift og vedlikehold av veglys*
- drift og vedlikehold av automasjonstekniske anlegg
- drift og vedlikehold av elektriske maskiner
- drift og vedlikehold av trafikkstyringsanlegg
- drift og vedlikehold av EKOM
- drift og vedlikehold av naudstraumsanlegg
- drift og vedlikehold av elektriske anlegg på bruer

*Omfang av veglys kan bli auka i driftsperioden ved overføring av anlegg frå E-verk og kommunar.

Økonomi

Vi har følgjande budsjett for kontraktane basert på dagens prisar:

<i>Driftskontrakt elektro</i>	<i>Budsjett</i>
Sørvest	20 mill.kr
Hardanger – Voss	12 mill.kr
Sogn	8 mill.kr
Fjordane	6 mill.kr

Vi reknar med at budsjettet kan vere i lægste laget fordi vi har ein del elektrisk utstyr som er blitt gammalt og såleis dyrare å drifte.